

# Utkast til verneforskrift for Steinen naturreservat, Fusa i Hordaland

## § 1. Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur.

Skogen er gammal og naturprega, og består av barskog, edellauvskog og vestnorsk regnskog. Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

## § 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: Fusa kommune: 98/1, 99/1, 100/1, 100/3, 100/4, 101/1, 101/5 og 101/6.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. xxx dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Fusa kommune, Fylkesmannen i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

## § 3. Verneregler

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

## § 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.

- c) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdslle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding er forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdlereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde og utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- e) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- f) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c, og § 7 c, d og e.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggileik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyretemakta, eller den forvaltingsstyretemakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11. Forvaltingsstyretemakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskriften.

## **§ 12. Iverksetting**

Denne forskriften trer i kraft straks.

Bergen, den 11. februar 2019

Fylkesmannen i Vestland